



# ARBEIDSARK 1

## INTRODUKSJON TIL GRØSSAR-SJANGEREN

Har de sett ein grøssar?

Har de opplevd korleis denne filmsjangeren kan få hjarta til å banke raskare, få dykk til å sveitte eller hoppe i stolen?

I dette filmprosjektet, som vi kallar 'Kryssklipp' lagar skuleklassar over heile Norden grøssarscener, som ein profesjonell filminstruktør vil samle, leggje ekstra opptak til og klippe saman.

De skal utvikle dykkar heilt eigne grøssar-karakterar, replikkar og jump scare-scener. Ved å delta får de sjansen til å vinne ein filmfest for klassen til ein verdi av **5.000 DKK**. Vi premierer ein klasse som viser særleg engasjement og kreativitet

Filmen får premiere på [www.nordeniskolen.org](http://www.nordeniskolen.org)

De skal starte prosessen med å sjå kortfilm-grøssaren 'I dare you' frå 2019. Filmen er regissert av den danske filmregissøren Casper Balslev.

Legg merke til hovudperson, monster, lokasjon og bruk av lys, lyd, suspense og surprise, når de ser filmen.

### ETTER FILMEN SKAL DE SETJE ORD PÅ ELEMENTA I FILMEN

- Skildre hovudperson
- Skildre monster
- Skildre lokasjonen for filmen


Diskuter kva effekt dei filmatiske verkemidla **suspense** og **surprise** har. Diskuter òg bruk av **lys**, **lyd** og **kameravinkler**.

Ha det morosamt!



#### VALFRI OPPGÅVE:

Analyser kameravinklane i 'I dare you' - korleis brukar regissørem kameraet og korleis får det spenninga til å stige?



## **TIPS OG IDEAR**

### SUSPENSE OG SURPRISE

Suspense og surprise er to former for forteljarteknikk.

Ved suspense blir spenninga trekt ut over lang tid og det kan bli nesten uuthaldeleg. Ved surprise blir vi (publikum) overraska over det uventa og det får oss til å hoppe i stolen.

Både suspense og surprise er dramaturgiske verkemiddel. Suspense er spenning som stig langsamt. Når vi som publikum veit meir enn personane i filmen, oppstår suspense. Det kan vere om ei tikkande bombe eller ein mordar i kjellaren.

For å skape suspense bruker ein ofte kryssklipping. Det blir for eksempel klippa mellom hovudpersonen, som ikkje anar uråd og mordaren som kjem nærmare. Det har ein nervepirrande verknad og vi får ei trong til å åtvare hovudpersonen.

Forlenging av tid kan skape ekstra suspense.

Lyden har mykje å seie for oppbygging av suspense.

